

Olje- Og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO



Vår ref.: DokumentID 23/27571

Dykkar ref.: Innspill flom- og
skredmelding

Dato: 01.11.2023

INNSPILL FLOM- OG SKREDMELDING – KOMMUNEGEOLOGEN, KVAM HERAD

Kommunegeologen takkar for invitasjon til innspel til stortingsmelding om flom og skred og strøminga av innspelsmøte på Hamar den 27. oktober 2023.

Kommunegeologen håper at skred og flaum i stortingsmeldinga minimum vert tolka slik skred og flaum vert (og eventuelt vil bli) tolka i byggtknisk forskrift (TEK17 § 7-2 og 7-3).

Kommunegeologen er tilsett i Kvam herad som rådgjevar og Kvam herad har samarbeidsavtale med fem andre kommunar om kommunegeologen (Ullensvang kommune, Bjørnafjorden kommune, Kvinnherad kommune, Samnanger kommune og Ulvik herad). Samarbeidet om kommunegeolog starta opp i 2012, med skredprosjekt i 2009 og 2010-2011. Dette innspelet byggjer på erfaringa frå samarbeidet om kommunegeolog.

NVE

Kommunegeologen var heldig som starta opp med skredprosjekt og samarbeid omtrent samtidig som NVE fekk sitt ansvar for skred. Kommunegeologen har hatt god kontakt med NVE sidan den tid. NVE har fått gjort mykje for å få kartlagt skredfaren i Norge – dei har gjort det litt vanskeleg innimellom – men for det meste har dei gjort mykje for å forbetre standarden på skredfarevurdering som har vore til god nytte for kommunane. Dei kunne òg ha fått gjort endå meir om dei hadde hatt ressursar til det, både økonomisk men vel så mykje personressursar og tid til å jobbe med forbetringane. Kommunegeologen er derfor einig med innspela på innspelsmøte den 27.10. i Hamar – NVE treng meir ressursar, både auka ressursar til sikringstiltak, men vel så mykje å få på plass fleire personressursar for å fortsette det gode arbeidet med flaum og skred, om det så gjeld skredvarslinga, forskning og samarbeid, temakart (aktsemdkart, faresonekart, skred- og flaumhendingar, rapportar) både for flaum, skred, kvikkleire og overvatn, søknader om tilskot til kartlegging og sikringstiltak, utføre sikringstiltak, beredskap med meir.

Ansvar

Kven eig/har ansvar for bekymringa, mogleg fare, reell fare, hendinga og sikring av ei tomt? Er det grunneigar aleine, leigetakar, kommunen, NVE, vegeigar, kraftforetaket med fleire?. Det kan vere greitt å få avklart ansvaret og kven som kan hjelpe til om ein grunneigar opplever skred- og flaumfare – både mogleg og reell fare.

Kompetanse og kvalitet

Det er viktig med kompetanse rundt skred og flaum. Feile vurderingar kan vere fatale, så det er viktig med utdanning, forskning, gode rettleiarar, krav til dei som skal gjere vurderingane og kompetanse om kva kunde, konsulent, sakshandsamarar treng av verktøy og hjelp. NVE har gjort mykje på dette området, men det trengs meir ressursar (økonomi, folk, tid) for å få fortgang i prosessen. Det er viktig å huske på «sluttbrukare» og samanheng mellom TEK17 §7-2 og 7-3 og fagrappport i levering til plan- og byggesak. Flaum og skred heng saman sjølv om det er to forskjellige fagfelt, så samarbeid mellom fagfelt er viktig. Det er kunnskap som må kome godt fram i rettleiarar – kva er det plan- og byggingslova krev av dokumentasjon og korleis vert det sjekka av kommunen (må minimere fare for feil ved bruk av verktøy).

Skred- og flaumfarevurdering i plan- og byggesak

NVE har kome med aktsemdkart, faresonekart og rettleiarar for flaum, skred i bratt terreng og kvikkleireskred med krav til dei som skal gjere vurderingane. Det er viktig å huske på sluttbrukarane – som til dømes sakshandsamarane – som skal bruke aktsemdkarta, faresonekarta med meir. Ut frå kommunegeologen sin erfaring så er mange av karta meir laga ut frå fag (noko som passar kommunegeologen bra), men det er ikkje alltid at brukaren forstår korleis verktøya skal brukast og forvirring og feiltolking kan bli resultatet. Tre aktsemdkart for skred i bratt terreng, forvirring rundt nye aktsemdkart, skredfarevurdering med og utan skog, faresonekart med meir kan vere med på å forvirre ein søkar og sakshandsamar. Det er enno mykje som kan gjerast for å gjere det enklare for at det ikkje skjer feil (sakshandsamar finn ikkje dei aktsemdkarta han bør sjekke eller tolkar dei feil, utsetting av løyve i byggesak på grunn av forvirring om tolking av aktsemdkart/faresonekart, faresonekart som treng tolking av sakshandsamar (t.d. flaumsonekart rett frå flaummodell – som fagkyndig burde tolke, ikkje sakshandsamar) med meir. Kommunegeologen råder derfor til å få inn kunnskap frå kommunane om moglege «feil» som kan gjerast ved bruk av aktsemdkart/faresonekart som kan brukast for å lage betre og eintydige aktsemdkart og faresonekart og andre hjelpekart. Det er den fagkyndige som bør vurdere og eintydig vise bruk av usikkerheita i flaum- og skredfarevurderinga – ein sakshandsamar vil sjå på faregrensene som «fasit», så det er viktig at kart med usikkerheit vert laga slik at dei vert tolka rett.

Finansiering/forsikring

Det er ikkje enkelt for dei som vert råka av skred og flaum. For nokon så vert forsikringsforetaket ein venn og det er fort avklart (erstatning av skade), mens andre fell kanskje mellom fleire stolar, materiell skade er kanskje liten, men frykta vert stor, og det kan gå lang tid å få godkjent erstatning, moglegvis rettssak og/eller forlik. Kanskje skaden ikkje

vert rekna som naturskade og ein ikkje får nokon ting! Kommunegeologen er einig om at det bør sjåast på om dagens situasjon er ok eller om det bør skje endringar, både i kva naturskade er, kva hjelp ein kan få og hjelp til å oppgradere/sikre/flytte skada eigedom/bygg, eller område kor kommunen må leggje ned bygge- og deleforbod pga. skred og flaum.

Vernskog og sikringa av jordbruksjord

Ut frå innspela på innspelsmøte så var det mykje snakk om skadane Hans gjorde på landbruksland, og det er ein viktig diskusjon. Elva bør få leve og med det betyr det at den bør kunne erodere og avsette massar, og landområde nær elva bør kunne flaumast over for å avgrense flaumen nedstrøms (fordrøying), men det bør vurderast opp mot skade. Kommunegeologen er derfor positive til at vern av landbruksjord vert prioriterte høgare enn den har vore dei siste åra. Det er òg viktig at landbruket vert tatt med i diskusjonen om t.d. flaumsikring – til dømes ved at areal nær elva kan bli flauma over utan at det vert gjort stor skade (kompenasjon?).

Det er òg ein diskusjon om skog som beskyttande mot skred – ein diskusjon som er aktualisert av NVE sitt nye aktsemdkart for snøskred (2023). Det er viktig at denne diskusjonen vert produktiv og at det kjem ordningar som kan hjelpe til med å få gode avtalar, kompensasjonsordningar, skjøtselsplanar og gjennomføring av desse med meir.

Offentleggjing/tilrettelegging av skred- og flaumdata

Finans Norge med fleire viste til at data må utnyttast betre. NVE har jobba for at aktsemdkart, faresonekart, rapportar med meir vert offentlege. Betre oversikt over kva som er gjort før, deling av data, samarbeid, kan vere samfunnsnyttig t.d. for kommunen i beredskap, vurdering av tiltak, plan- og byggesak, ekom, telekom med meir. Det finns for mange rapportar som har blitt lagt i ein skuff, interne eller sett på som private. Det bør sjølv sagt vurderast kva data som kan delast og kva data som ikkje kan delast, t.d. ved innlogging (som i DSB kunnskapsbase). Det må kome meir ressursar for å få opp eit system for å offentliggjere gamle data (gå gjennom gamle arkiv, t.d. Statens vegvesen, naturskadefondet, forsikringsforetak), oppdatere med nye data (krav om levering?) og halde ved like DSB kunnskapsbasen, NVE sine databasar (rapportar, aktsemdkart, faresonekart med meir) og andre viktige kartløyseringar.

Oppdatering og inspirasjon

Det er nok fleire andre viktige tema som burde vore nemnd. Det viktigaste er at de ser på tidlegare arbeid, til dømes [Meld. St. 15 \(2011-2012\) Hvordan leve med farene – om flom og skred](#) og for klima ([Meld. St. 26 \(2022–2023\) Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn](#)). Det er gjort mykje godt arbeid før, men dei bør sjåast på med nye auge og oppdaterast. Eg antar at det dykk kjem til å samarbeide med fleire aktørar med kunnskap om skred og flaum (t.d. NVE, NGU, Statens vegvesen, Bane Nor, konsulentforetak med fleire). Det er òg viktig å høyre med kommunar og andre «sluttbrukarar» rundt om i landet som har/kan ha utfordringar med skred og flaum (eller utfordringar med aktsemdkarta) – det kan t.d. vere kommunar som vart råka av «Hans» og andre ekstremver (t.d. Dagmar og

oktoberflaumen i 2014) men òg kommunar som har utfordringar med kvikkleire, fjellskred, flodbølgje, stormflod, saktevoksane flaum, flaum i bratte vassdrag, skred i bratt terreng, skred i strandsona med meir.

Lykke til med å lage ein god stortingsmelding!

Helsing

Tore Dolvik

Kommunegeolog for Kvam, Ullensvang, Bjørnafjorden, Kvinnherad, Samnanger og Ulvik

Kvam herad

Telefon: 480 58 500

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakarliste:

| | | | |
|------------------------------|-------------------|------|------|
| Olje- Og Energidepartementet | Postboks 8148 Dep | 0033 | OSLO |
|------------------------------|-------------------|------|------|

Kopi til:

| | | | |
|---|----------------|------|---------------|
| Bjørnafjorden kommune v/Renate Halstensen | Postboks 24 | 5649 | EIKELANDSOSEN |
| Kvam herad v/Heidi Ørjansen | | | |
| Kvinnherad kommune v/Anbjørn Høivik | | | |
| Samnanger kommune v/Ragnhild Lønningdal | | | |
| Ullensvang kommune v/Eirik Lia | Opheimsgata 31 | 5750 | ODDA |
| Ulvik herad v/Jarle Grevstad | Skeiesvegen 3 | 5730 | ULVIK |